

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Veving

Oppskr. av: Hans O. Slov

(adresse): Fresvik, Logn

Fylke: Logn og Fjordane

Herad: Lurøy

Bygdelag: Fresvik

Gard: Slov


G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Kari B. Bøthum 80 år småbrukarkona Fresvik.

SVAR

- 1 Vadsmål har alltid vore brukt til mann-
kledde både til dress og undertøy.
- 2 Til kvinnelider vart brukt ein skjørt
til skjort og trøya, til òg brukte ein
vadsmål.
- 3 Til undertøy for menn brukte ein
vadsmål til underbuksa, til skjorta
og under trøya brukte ein vadsmål
med strikka ermar. Om sumaren
brukte ein lereftskjorta i staden for
undertøya.
Otte var slik som dei eldre brukte det.
Dei unge brukte skjorta av lereft og
underbuksa av vevd av ullstoff.
Til vinterbruk var underbuksa av
vadsmål.
Til undertøy for kvinner var brukt
lereft til skjorta og underbuksa, men
til vinterbruk var det mykje brukt
strikka ullskjorta og òg ullunderbuk-
sa av anten strikk eller av vadsmål.
- 4 Pengeomheng har vore brukt og dei var
det alltid i lamullstoff.
- 5 Alle pengeomhenger vart vore heime, so som



sengeteppe og puter, latter vart like eller intje brukt i eldre tid.

6 Dukar vart vovne i vevd.

7 Handklær vart vovne som lereft eller i vevd.

8 Dei vanlige sengklær var ullteppe, dei vart vovne som radmål i enkel breidd og sydde saman eller snidten. I kvar ende var innslaget ein bordel - nokre runder i ein annan farge. Telles var det åklode som var vovne i "triskjefte", det vart vovne i bomselags snønster, men det var innslaget av dei bomselags farger ^{og trøinga} som fekk snønsterne til å skifte, ein kalla det "aklouvevna". Til åkle brukte ein "åkløvarp", det vil seia: renninga var tvilagt eller tulst tvilagt bomullsgarn, innslaget var tvilagt ullgarn.

Til ryer brukte ein tvilagt ullgarn til renning og samelis til innslag.

Til denne slags vev brukte ein fire skaft. Utanom den vanlige åklouvevna vov ein tvillingåkle, ein brukte tre skaft som til dei vanlige åklode, men trøinga i hovolda var bomullis.

Ein annan vevemåte ein brukte var sonetteveving, men det var fire som greidda den kunstn. til denne slags vevna brukte ein same slags material som til vanlige åkle.

Sonetteppe var brukte til å pønta opp med i bomseløve, til veggpynt eller sengeteppe. Det var bomselags snønster som vart nytta ofte, so som åklebladross og sokseborde.

Fresvik, Logn i april 1954 Hans C. Flov